



Alver kommune
Havnevegen 4
5918 FREKHAUG
post@alver.kommune.no

14. desember 2020

**Gnr. 427 i Alver kommune (tidlegare gnr. 27 i Radøy) bnr. 12.
FLØHOLMEN AS.
Flytebryggje i småbåthamn.
Ny søknad (nr. 2) om rammeløyve.
Dispensasjon frå kommuneplanens byggjegrænse i sjø.
Klage på administrativt vedtak.**









Ein viser til :

kommunens brev av 1. 12. 2020, ref 20/335-20/76458

om : Administrativt vedtak. Saknr: 1293/20

med overskrift : Avvist søknad om Småbåthamn -gbnr 427/12 Fløholmen

Det administrative vedtaket vert med dette påklaga, med tilvising til følgjande vedlagde saksdokument :

-  1 Fløholmen AS - Småbåthamn - Ny søknad om rammeløyve til tiltak - med vedlegg - 200818
-  1A - Fløholmen AS - Småbåthamn - Ny søknad om rammeløyve. Merknad frå Beate og Anita Myking - 240818
-  2 B-61-rk-ny søknad - dispensasjon - 021219
-  3 B-62-rk-dispensasjon mv 171219
-  4 B-63-ak-dispensasjon mv 020120
-  5 B-64- 1 - ak-dispensasjon mv 240120
-  6 B-65 - ak-dispensasjon tilleggsopplysningar - 020320
-  7 Korrespondanse med Alver kommune nov-des 2020

(rk = Radøy kommune, ak = Alver kommune)

Det verserer no fire kommunale hovedkrav retta mot Fløholmen AS i samband med den omsøkte flytebryggja :


1. Fortau langs Fløholmsvegen (700 m fylkesveg)
2. Endring av deler av industrieigedom Fløholmen 427/12 (Grønholmen) til naturområde - i strid med kommuneplanen - grunngeve med kommunal påstand om at «Grønholmen er felles for Kvalheim»
3. Flytebryggja må ikkje kryssa kommuneplankartets «byggjegrænse i sjø»
4. Snitt- og fasadeteikningar av flytebryggja (Alver kommune, 1. 12. 2020)

Opplysningar :

1. Statens Vegvesen : ÅDT er under 100, trafikkmengda til flytebyggja utløyser ikkje krav om fortau.
Nabo (bnr. 15,20) : er positiv til flytebyggje, men negativ til fortau som vil medføra inngrep i tunet
2. Det er dokumentert at påstanden : «Grønholmen er felles for Kvalheim» er urett
3. Kommuneplankartets «byggjegrænse i sjø» er basert på den urette påstanden under pkt. 2 ovafor. I sjøalmenningen eksisterer verken byggjegrænser eller eigedomsgrenser.
4. Flytebyggja er ikkje eit bygg, men eit flytande anlegg for småbåtfortøyning samansett av prefabrikkerte flytande element.

Ein vil be om at saka vert handsama korrekt, i samsvar med reglane i forvaltningslova.

Med helsing



Vedlegg : I følgje dokumentliste

Kopi : Håkon Zakariassen post@flohholmen.no